



Postmottak Planavdelingen

Dato: 18.03.2016

Vår ref.: 2014/11889-26

Saksbehandlar: sigbjørn

Dykkar ref.:

Fråsegn til forslag for - privat detaljregulering -for Dikkedokken - Bergenhus gnr 165 bnr 555 m.fl. - Bergen kommune

Vi viser til høyring av forslag til detaljregulering for for Dikkedokken - Bergenhus. Utval for kultur, idrett og regional utvikling, handsama saka i møtet den 16.3.2016, og fatta følgjande vedtak.

Vedtak

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling, meiner at privat forslag til reguleringsplan for Dikkedokken er i strid med mål i Regional plan for attraktive senter, då det ikkje vert teke tilstrekkeleg omsyn til stadens historie, særpreg og landskapstrekk.*

Planforslaget må endrast slik at Dikkedokken vert styrkt som kulturminne og byrom. Byggehøgder og siktlinjer må justerast for å styrke lesbarheit og oppleving av kulturmiljøet og sikre betre tilpassing til nasjonale og regionale kulturminneinteresser.

Det er knytt motsegn til dette punktet.

For at motsegn kan trekkjast må planforslaget omarbeidas ut i frå følgjande:

- I. *Utnyttingsgraden må reduserast vesentleg, og det må dokumenterast at utbygginga bidreg til å styrke oppleving av det kulturhistoriske landskapet og ikkje skapar stor negativ konsekvens for kulturmiljøet.*
II. *Høgde mot gata, Georgenes Verft, bør i hovudsak ikkje vere høgare enn 3 etasjar.*
III. *Ny pir (SAA) i forlenging av dokken, må takast ut av planforslaget av omsyn til lesbarheit av det tekniske kulturminne.*
2. *Areal avsett til offentleg byrom langs Dikkedokken, er viktig for universell tilkomst til kaiområda. I samsvar med mål i Regional plan for attraktive senter må det setjast av tilstrekkeleg breidde for å sikra funksjonelt areal for opphold, private sonar og rom for transport for gåande og sykkel. Promenaden må regulerast i samanheng med tilliggande område.*
3. *For å nå overordna mål om fortetting i senterområde vil Bergen stå ovanfor ei rekke liknande transformasjonsprosjekt i nær framtid. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår i frå at det vert opna for at detaljreguleringsplanar kan fråvike overordna planar i vesentleg grad. Dette gir uheldig presedens for andre planar, og kommunen mister heilheitleg grep der utnyttingsgrad tel tyngre enn kvalitet. Balansen mellom dei ulike omsyna må til for å sikre god byutvikling i fylkessenteret.*

Utval for kultur, idrett og regional utvikling syns det er uheldig å få saka til uttale utan at den har vore handsama politisk i Bergen kommune.

Vi gjer merksam på at ved ein feil er det i saksframlegget vist til at planfremjar ikkje har teke initiativ til dialog med Fylkeskonservatorene i planprosessen. Det har vore dialog knytt til undervegsmøte og midtvegsmøte i regi av Bergen kommune, samt e-postkorrespondanse med planfremjar knytt til automatisk freda kulturminne. Utvalet vart informert om dette i møtet før handsaming av planforslaget.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Sigrid Næsheim Bjercke
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Bergen Kommune - Lyssand, Helene

Vedlegg saksframlegg:

- 1 Fråsegn til forslag for privat detaljregulering for Dikkedokken - Bergenhus gnr 165 bnr 555 m.fl. - Bergen kommune

